



SELJORD KOMMUNE TEKNISK AVDELING VASSVERK Saksbehandler, innvalgstelefon

Guri Ravn, 35 58 61 71

3840 Seljord

Inspeksjonsrapport 2024.138.I.SFVT - Seljord Vassbehandlingsanlegg

Denne rapporten handlar om forhold som vart avdekka under Statsforvaltaren sitt tilsyn hjå Seljord kommune sitt Vassbehandlingsanlegg (verksemdsnummer: 988 750 476).

Rapporten består av følgjande deler:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Vår vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare beskriving er gitt i del 2.

Vi avdekka avvik som de må rette snarast

Vi avdekka følgjande avvik under tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda kan ikkje dokumentere at dei held seg innanfor grenseverdiane for utslepp til vatn

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller i medhald av lov.

Seljord Vassbehandlingsanlegg må snarast rette opp avvik. De må sende oss ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avviket er retta innan 01.07.24.

Vi påpeiker ingen merknader

Merknad er eit forhold som vi meiner er naudsynt å påpeike for å ivareta det ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller i medhald av lov.



De må betale gebyr

Seljord vassbehandlingsanlegg må betale eit gebyr på 31 200,- kr for tilsynet.

Vi ber dykk om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at dykk merke tilbakemeldinga med saksnummer 2023/13473 og sender ho til sfvtpost@statsforvalteren.no.

Del 2: Vår vurdering og grunngeving

Avvik 1: Verksemda kan ikkje dokumentere at dei held seg innafør grenseverdiane for utslepp til vant

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket:

- Løyve til verksemd etter forureiningslova for Seljord kommune – Seljord Vassbehandlingsanlegg vilkår 3.1 Utsleppsgrenser

Beskriving av krav

Seljord vassbehandlingsanlegg har tre utsleppspunkt

I vilkår 3.1. er det satt utsleppsgrenser for utslepp av:

- jern (Fe), suspendert stoff, (SS) vassmengder og pH til Seljordsvatnet. For Fe og SS er det sett konsentrasjonskrav og mengdekrav med ulike midlingstider
- suspendert stoff, vassmengder og pH til Vallaråi. For SS er det sett både konsentrasjonskrav og mengde krav med ulike midlingstider

De må velje ein prøvetakingsfrekvens som gir representative prøver.

Målingar (volumstrømsmåling – prøvetaking - analyse – berekning) skal utførast etter Norsk Standard. Laboratorium skal vere akkrediterte for dei aktuelle analysane.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Verksemda kan ikkje dokumentere at dei held seg innanfor grenseverdiane for utslepp til Seljordsvatnet og Vallaråi. Det vart lagt fram analyseresultat frå ei prøve av spylevatnet frå membranfilteranlegget teken 16.01.23. Prøva er teken ut før spylevatnet går til oppsamlingstanken som er før utslepp til Seljordsvatnet. Det er ikkje dokumentert at dette er eit representativt prøvetakingspunkt. Prøva er analysert på jern (oppluttet) og pH. Resultatet viser ein jernkonsentrasjon på 34 000 µ/l som tilsvara 34 g/m³ som er langt over grenseverdien (øyeblikksverdi) på 6 g/m³. Det vart opplyst at pH blir målt kontinuerleg. Det vart ikkje lagt fram dokumentasjon på at krava til pH blir overhaldne over tid.

Det er ikkje analysert på suspendert stoff i utslippene frå membranfilteret og marmorfilteret og det blir ikkje målt på pH i utslepp frå marmorfilteret.

Verksemda opplyser at dei kan berekne utsleppet av jern basert på dosering jernklorid av og mengde produserte vatn. Vi ber dykk om at de i tilbakemeldinga også legg ved berekningar av utslepp av jern i 2023 og 2022.



Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtek at Seljord kommune må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassen.

Vi er pålagde å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuingar, gjennomføring og oppfølging av kontrollen.

Vi viser til varsel om gebyr 21.12.23. og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassen.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på gebyrsatsen **innan tre uker** etter at de mottok denne rapporten. Ein eventuell klage skal angi kva de klaga over og den eller dei endringane de ønsker. De bør grunngi klagen og nemne andre opplysningar av betydning for saka.

Ein eventuell klage skal de sende til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Dersom vi ikkje gir medhald i klagen, vil vi sende den til Miljødirektoratet for endeleg avgjer.

Klage på gebyrsats gir ikkje utsett iverksetting av vedtaket. De må derfor betale gebyret, og dersom klagen blir gitt medhald, vil restbeløpet bli tilbakebetalt.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om de held dykk innanfor gjeldande krav fastsette i eller i medhald av forureiningslova. Vår heimel til å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Seljord Vassbehandlingsanlegg sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er en del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok

- Marte Bruu Tanum
- Guri Ravn

Kontaktperson hjå Seljord kommune

- Asbjørn Storrusten – midlertidig kommunalsjef for teknisk drift

Andre deltakarar hjå Seljord kommune

- driftsoperatør
- ingeniør
- ingeniør

Anlegg kontrollert

Følgjande anlegg som høyrer til Seljord kommune vart kontrollert under tilsynet:

- Seljord Vassbehandlingsanlegg



Tema kontrollert

Følgjande tema vart kontrollert knytt til forureinande aktivitet:

- Utslepp til vatn og utsleppskontroll
- Handsaming av farleg avfall
- Internkontroll knytt til desse tema dvs. rutinar, avvikshandsaming ytre miljø

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova for Seljord kommune – Seljord vassbehandlingsanlegg gitt 26.02.15 og sist endra 20.04.17

Framlagt dokumentasjon

Framlagt dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske forhold under tilsynet:

- Driftsveileder for Seljord vassverk
- Internkontrollsystem for vannverksdrift - farekartlegging
- Vilkår for løyve og utslipp fra anlegget
- Miljørisikoanalyse
- Drifts- og vedlikeholdsplan for vassverk, distribusjonsnett og høye basseng
- Analyseresultat Eurofins pH og Fe januar 2024

Del 4: Anna informasjon

Andre forhold

Kommunen seier at utsleppspunktet i Seljordsvatnet er på 40 meters djup, ikkje 20 meters djup slik det står i løyve vilkår 3.3 Utslippstader for prosessavløp, og at prosessavløpsvann frå trykksil blir sleppt ut i Seljordsvatnet og ikkje i Vallaråi som det står i vilkår 3.3 i løyve. Vi ber dykk stadfeste kva som er korrekte utsleppspunkt og djupne i tilbakemeldinga på inspeksjonsrapporten.

Kommunen seier dei planlegg å gjennomføre ei dykkerundersøking av bl.a. utsleppspunktet i Seljordsvatnet sommaren 2024.

Når det føreligg dokumentasjon på utsleppsmengder, utsleppspunkt og resultat frå dykkerundersøking ber vi kommunen sende ein oppdatert vurdering av moglege effektar av utsleppa på resipientane. På bakgrunn av ny dokumentasjon og nye vurderingar vil vi vurdere å endre løyve etter forureiningslova.

De har høve til å kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på **faktiske feil** i denne rapporten. De må sende eventuelle kommentarar til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark **innan to veker** etter at de har motteke rapporten.

Rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg

Denne rapporten er tilgjengeleg for offentlegheita via vår postjournal på einnsyn.no, i tråd med offentleglova. Rapporten vil i tillegg bli tilgjengeleg på norskeutslipp.no.



Med helsing

Siv Hege Wang Grøvo (e.f.)
fagsjef

Guri Ravn
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent